

ÅRSRAPPORT 2014

FOR

SØR-FRON SOKNERÅD

SOKNERÅDET:

Soknerådet har bestått av:

Kristian Haave (leder), Synnøve Bø Hansen (nestleder), Helen Svelle, Edda Borgen, Karl Olsen, Tine Elisabeth Slang, Ivar Hovden, Berit Brenden Bredli og sokneprest Kristinn Ólason.

Vara: Aud Elinor Moheim, John Arne Fossehagen, Inger Elisabeth Pedersen, Jens Ove Isumhaugen og Nils Martin Voldberg

Arbeidsutvalg (AU) har bestått av Kristian Haave, Synnøve Bø Hansen, Edda Borgen og Kristinn Ólason.

Kommunestyrets representant i kyrkjeleg fellesråd er Arne Bredeveien.

Soknerådet har hatt 8 møter og behandla 73 saker.

Årsmøtet vart avvikla søndag 6. april i kapellet. Det var 36 frammøtte.

Sokneprest Kristinn Ólason leste fra David salme 100 og holdt andakt. Forsamlinga sang; I den stille, klare morgen, Ein fin liten blome i skogen eg ser, Deg være ære og No livnar det i lundar. Kantor Sergey Shulga spilte til sangene.

Soknerådsleder ønsket velkommen og ledet årsmøtet.

Årsrapporten for 2013 ble presentert av Kristian Haave, Synnøve Barlund Fladby, Eldri Listad, Sergey Shulga og Karl Olsen.

Berit Brenden Bredli presenterte årsrapporten for Espedalen Fjellkirke.

Årsrapporten ble enstemmig godkjent med en kommentar:

Det nye festmessehagelet er laga av Odny Ravlo Haugen, Haugens vevstue i Verdal.

Soknerådsleder presenterte regnskap, dette ble enstemmig godkjent med en rettelse av summeringsfeil i offergaver.

Kirketjener Arild Larshaugen holdt et interessant kåseri om livet som kirketjener i Sør-Fron.

Han fortalte på en svært engasjerende måte om sine mange arbeidsoppgaver, om forskjellige sider ved yrket, og om sine opplevelser på godt og vondt gjennom 15 år.

Det vart servert kaffe, kringle og sjokoladecake.

STABEN:

Sør-Fron sokn har hatt desse tilsette i 2014.

Kyrkjeveerge 80 %

Organist 100 %

Kyrkjjetenar 100 % ved Sør-Fron kyrkje

Kyrkjjetenar 20 % ved Espedalen fjellkyrkje

Menighetspedagog 40 % (80% saman med Ringebu, frå 1. juni

Klokker 30 %

Totalt 3.70 årsverk.

Menighetspedagog, 40% blir dekt av statlege midler,

dei andre, 3.30 årsverk blir dekt av det kommunale tilskotet.

Kyrkjevergen har ikkje vore i teneste i 2014. Stillinga har vore dekkja av vikarer, Synøve Barlund Fladby har hatt 20%, Helge Rønningen 20% pluss enkelttimer, Kristian Haave inntil 40% også dette året. Eldrid Listad har og stilt opp på tilkalling og vore til stor hjelp. Josef Nerli har vore vikar/ekstrahjelp ved Sør-Fron kyrkjegard. Kirketjener i Espedalen Arnt Ove Voldbakken har bistått på tilkalling.

Daglig leder/kirkeverge Bjørg Sørjordet sa opp i sin stilling 22.oktober 2014. Soknerådet tok oppsigelsen til etterretning.

Graver er Hans Myren frå Ringeby.

KYRKJE, KAPELL OG KYRKJEGARD.

Lørdag 26.april var det dugnad på kyrkjegarden med omlag 50 frammøtte. Diakoniutvalget serverte mat i kapellet etter arbeidsøkta.

Gulv i kapellet ble slipt og malt i sommer. Det var Kjell Amundlien som utførte arbeidet. Arnt Ove Voldbakken skiftet ut lukemotorer i tårnet på kirken og reparerte kjølevifta i bårerommet. Lyskrona i kirken har vært tatt ned, rengjort og fått nye pærer i forbindelse med påmontering av dimmer. Aud Moheim og kirketjenerne Arild, Josef og Arnt utførte arbeidet.

Det er kjøpt inn ny snøfres for traktoren. Malermester Øyvind Lauvnes har befart den store sprekken i østveggen på kirken, og vil utføre reparasjonsarbeider i 2015, samt fullføre nedre del av muren rundt hele kirken. (Han har gjort ferdig et felt tidligere for å se om metoden er god nok)

Det arbeides fortsatt med ny oppvarming av Sør-Fron kirke. Der er berammet en befaring med riksantikvaren, tekniske fagfolk og vårt bygningsutvalg 22.april 2015.

Det er ikke gjort ekstraordinære tiltak i Espedalen Fjellkirke, men det er gjort vedtak om restaurering av bru mellom fjellkirka og Gravholmen

Kyrkjegardane er godt ivaretatt av kyrkjetenarane våre, Arnt Ove Voldbakken, Arild Larshaugen og Josef Nerli som og dette året har vore vikar.

Sommerhjelp på kirkegarden har vært Ola Kappelslåen Plassen og Henrik Aspen. De var til stor hjelp med å holde kirkegarden i orden.

I samarbeid med Sør-Fron kommune markerte vi 200 årsjubileum for grunnlova med et rikholdig program i Sør-Fron kirke 9.november. Komiteen Karl Olsen, Rasmus Stauri, Kristinn Olason og Sergey Shulga gjorde et svært godt arbeid både i planlegging og gjennomføring.

Stortingspresidenten Olemic Thommesen og ordføreren i Sør-Fron Ole Tvette Muriteigen bl.a. deltok i programmet.

Programleder Rasmus Stauri ledet programmet på en verdig og elegant måte.

Sør-Fron Bygdekvinne lag i antrekk fra datiden, stod for bevertning i kapellet etterpå. Bevertningen med mange slag kaker var det også et historisk sus over.

I Sør-Fron kommune sitt investeringbudsjett for komande 4 år, ligg det inne ei ramme på 2.5 mill. kroner for låneopptak i samband med ny driftsbygning for kirketenar samt ny oppvarming av kyrkja. Det er godkjente planer som mangler.

KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kom i 2014 ut med 4 nummer, og vart trykt i underkant av 1700 eksemplar. Redaktør Karl Olsen gjer ein stor innsats for å samle stoff og få bladet i trykken til fastsette tider. Sist år er det gjort vedtak om todeling av kontingent for kyrkjebladet. Uadressert post kr.150.- og for adressert post kr.200.- I kontingent for 2014 kom det inn kr. 41.800,- Frå private og offentlege institusjonar fekk bladet kr. 2.500,- i gaver i tillegg til eit offer ved gudsteneste på kr. 1600,- Utgifter til trykking og porto i 2014 var 93.000,-

I tillegg til redaktøren er Gudveig Rønn og Soknepresten med i redaksjonen.

SOMMAROPEN KYRKJE

Sør-Fron kyrkje var open for turistar frå 23. juni til 16. august. Eldrid Listad ringte rundt og fekk dekt opp alle vaktene. Kontoret stod for reinskriving og utsending av vaktlistene. Det er mange av vaktene som har stilt opp mange år på rad og det er vi svært takksame for. Det er og gledeleg med nye som tek ei vakt eller to. Opningstida er frå kl.10.00 til kl. 15.00.

Mange, både vakter og besøkjande, set pris på at organisten er innom og øver i åpningstida. Utanom det blir kyrkja sin eigen cd som James fekk i stand spilt om att og om att. Der kan besøkjande høyre Sør-Fron sine kyrkjeklokker, orgelmusikk og liturgisk song med forsangergruppa som var i aktivitet da CDen vart produsert i 2006.

Salget av kort er ikkje så attraktivt som det var før den digitale aktiviteten slo til for fullt. Mange tek gode bilde sjølve. Det kunne kanskje vore ein ide med andre former for souvenir. Det var vel 1500 personar innom kyrkja sommaren 2014 og det vart seld kort, cd-ar, blomsterkort og jubileumshefte for kr. 3736,-.

TRUSOPPLÆRINGA

Trusopplæringsarbeidet gjekk i 2014 inn i ei ny fase, med felles prosjekt saman med Gausdal, Øyer, Ringebu og Sør-Fron. Fyrst på året vart det ansatt to gode trusopplærarar, Trond Klaape i 60% stilling for Gausdal og Øyer, Ann-Kristin Fauske Mathisen i 80% stilling for Ringebu og Sør-Fron. Ho har ansvar for ei omfattande innrapportering av trusopplæringsarbeidet i alle fire fellestrådsområde. Vi er svært glade for å ha fått desse to på plass. Det er Ringebu kyrkjelege fellestråd som er vertsfellestråd og har arbeidsgjevar-ansvaret for baa to.

Vår trusopplærar, Ann-Kristin, vart presentert ved gudstenesta i Sør-Fron kyrkje 1. pinsedag, 8.juni med høgtidsgudsteneste og kaffe på kyrkjebakken. Frå hausten starta ho opp att med babysang med svært god respons. Medhjelparar er Sergey Shulga og Aud Moheim.

Andre trusopplæringsiltak som har vore gjennomført i 2014 er:

- * Dåpssamtaler
- * Det har vore sendt ut 1-2 og 3 års dåpshelsing
- * Barnehagevandring i kyrkja før jul
- * Skulegudsteneste før jul
- * 1 adventssamling for 4-åringar pluss gudsteneste med utdeling av «Mi eiga kyrkjebok»
- * Dåpsskule over 2 kveldar og utdeling av boka «Tre i eit tre» for 1. klassingane.
- * Utdeling av bibel til 5.klassingane. Soknepresten besøkte skulane i etterkant.
- * Konfirmantundervisning med leir i Håkons Hall saman med ca. 1000 andre.

Mot slutten av året 2014 stod det att ein god del av det statlege tilskotet til trusopplæringa. Det vart brukt til å kjøpe inn utstyr som etter kvart kan brukast i samband med arbeidet blant barn og unge. Klappstolar til kyrkja, nytt el-piano, bærbar pc, projektor, sentralstøvsuger til kapellet, lyd- og lysutstyr, bålpanne og figurar til julekrybbe er noko av det som vart innkjøpt. Ikkje alt utstyret kjem til å bli brukt i fyrste omgang, men det var nå det var høve til det.

KONFIRMANTUNDERVISNING

Soknepresten har hatt undervisning og konfirmasjon med 32 ungdomar, våren 2014, og 39 på hausten. Dei andre i staben har vore med på enkelte undervisningstimar, men soknepresten har for det meste vore aleine med konfirmantane. Dei er delt i to grupper i undervisninga. Konfirmantane deltok i gudstenester der dei hadde kvar sine oppgåver. I februar deltok dei fleste av dei på konfirmantweekend på Lillehammer. Det var eit opplegg for konfirmantar frå heile bispedømmet. I alt var det samla rundt 1000 personar til lek og alvor i Håkons hall desse dagane. Gruppa leikte, løste oppgaver, ba, vart kjent i Bibelen og hadde samtale om viktige ting i livet. Våre konfirmanter hadde valgt forskjellige aktiviteter , fordelt på 8 ulike arenaer. I Håkons hall var det konfirmantundervisning med mange dyktige folk og med felleskap rundt gode måltid.

Det var mange lærerike og opplevelsesrike aktiviteter på Lillehammer, i Øyer og på fleire av OL-anlegga, ballspel, bading, dans, band og kor. Flott program fra scena i Håkons hall med flinke musikere.

Under fasteaksjonen gjorde alle ein fin innsats med å gå frå dør til dør og dei fekk samla inn kr. 25.673.-

Etter samtalegudstenesta var konfirmanter og foreldre samla i kapellet der dei fekk servert pølse m. lompe, i tillegg til kaffe og kaker. Dei var med på lysmesse 7. desember med samling i kapellet etterpå.

GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGER

Det har vore totalt 62 gudstenester i 2014. Desse er fordelt på kyrkjene Sør-Fron og Espedalen, Sørheim Omsorgssenter, Tofte skule, Øvertun grendahus, Harpefoss grendahus og Toftesetra. Gudstenestene har vore gjennomført etter planen med ei gudsteneste i soknet kvar søndag med høgtidsdagar i tillegg. Soknerådet, konfirmanter og andre frivillige stiller trufast opp som kyrkjevertar og tekstlesere.

Mange av gudstenestene er med dåp, eller har eit innhald i samband med ymse grupper eller hendingar som til dømes: familiegudsteneste i samband med trusopplæringstiltak, konfirmantar, konfirmantjubiläum, hausttakkefest, allehelgensdag, og vi set stor pris på at mange møter opp på desse.

Søndag 24. august starta Sør-Fron sanitetsforening si 100-årsfeiring med gudsteneste i Sør-Fron kyrkje. Prosten var med oss denne dagen og sanitetsforeninga hadde gåve til dåpsborna.

Grendemessene er ikkje alltid så godt besøkt, men vi trur det er viktig å halde på dei for å ha eit variert tilbod, og ein må ikkje bu i grenda for å delta på desse. Alle er vel møtt uansett.

Espedalen fjellkirke var 40 år i 2014. Det vart markert med ei felles gudsteneste med prest frå både Gausdal og Sør-Fron søndag 28. september.

Fyrst på året i 2014 vart den nye salmeboka teken i bruk. Boka inneheld mange av dei gode, gamle salmene, men og ein del nytt. Noko av det nye har vorte presentert på salmekveld, eller brukt ved høgstdagsbøn og gudstenester. Den store NRK-satsinga «Salmeboka minutt for minutt» 1. helga i advent var eit fint tiltak for å gjera boka kjend. Programmet fekk kjemperespons over heile landet.

Det har vore 41 dåp, 12 vigslar og 33 gravferder i 2014.

Sjølv om det er dei mange særskilde gudstenestene som dreg opp statistikken og vi kan rapportere ein gjennomsnitt på 80 personar pr. gudsteneste så er det de som er med på heilt ordinære gudstenester som er ryggraden i kyrkjelyden. Det er det som gjer at vi kan melde 0 i rubrikken for messefall.

NOKO OM PRESTENS OPPGAVER

Ein sokneprest har ansvaret for å førebu og halde gudstenester, attpå andre kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Presten har og samtalar med dåpsforeldra og med menneske som skal gifte seg og han har konfirmantførebuing. Soknepresten vår er også med i høgstdagsbøn i kapellet og han har andakter på Sørheim. Eit anna viktig arbeid av det som presten gjer er å ha tillitsfulle samtalar/sjelesorg med menneske i ulike situasjonar. Soknepresten arbeider mye med menneske, ikkje minst med dei som har fått ein dødsbudskap. Presten må være flink til å lytte og framstå som tillitsfull. Han må også kunne tolke situasjonar, formidle bodskapar, leve seg inn og vere omsorgsfull.

DIAKONIUTVALGET:

Diakoniutvalget for 2014 har vore:

Tine Elisabeth Slang (leder), Mari Johanne Dalseg (kasserer), Eldrid Listad, Oddveig Strand, Kari Hovemoen, Hildur Skurdal og Ivar Hovden.

Reserve: Åse Stebergløkken, Ruth Korstad, Jorunn Sagbakken.

Inntektene for diakoniutvalget er kr 30,- pr person ved høgstdagsbøn og kveldsmaten skjærtorsdag. Overskotet blir brukt til å dekke opp noko av utgiftene på tur i tillegg til kr.300,- som deltakarane har betalt sjølve. Resten blir dekt av soknet.

Det har vore to møte i utvalget. Mari Dalseg fungerer som sekretær ved å skrive inn i «boka» antal frammøtte på kvar høgstdagsbøn, og kva som har vore på programmet. Diakoniutvalget gjennomførte oppdraga med å steike vaffel ved høgstdagsbøn, i tillegg til å servere kveldsmat på skjærtorsdag, bevertning på rakedagen, kyrkjekaffe på allehelgensdag og adventskaffe i desember. Ein ser at vi er avhengige av eit godt fungerande diakoniutvalg.

Diakoniutvalget har i 2014 gjennomført følgjande:

Det har vore 7 samlinger med Høgstdagsbøn i 2014 med mellom 23 og 37 frammøtte inkl. aktørar.. Dei som har stilt opp med innslag er: Golåten, Gunhild Haave med glimt frå sitt opphald i Afrika, Iver Silli med betraktningar om skaparverket, Ann-Kristin Fauske Mathisen med foredrag om menneskeverd og Trond Klaape med kåseri om Vis-Knut. Skjærtorsdag 17. mars vart det servert trøndersodd m. loff og kaffe og kaker til 47 personar etter gudstenesta. Det var song v. Sillijenter og Harpa. I tillegg til allsang med påskesalmer.

Laurdag 26. april var det dugnad på kyrkjegarden, fint vær og mange møtte, folk kjem ved 9-10 tida og gjer ein stor innsats.

Allehelgensdag, søndag 2. november var det servering av kaffe og mye attåt i kapellet etter gudstenesta.

2. søndag i advent var det adventskaffe i kapellet etter gudstenesta.

Tur til Toten

11. juni vart ein minnerik dag for mange Sør-Frøningar. Med buss frå Ringebru bilruter var vi 44 personar på tur til Toten for å besøke vårt kjære eks-prestepar, Kristin og Magnar Elde. Med god hjelp av sonen Halvor tok dei imot oss i hagen sin på Narverud gard i Totenvika. I strålende solskin kunne vi gle oss over gjensynet med kvarandre – og serveringa. Med heimelaga rundstykker, totenkringler, varm kaffe og kald (sjølvstekt heimelaga) saft kunne vi berre sitte og nyte eit smakfullt måltid med ei fantastisk ramme rundt.

Gamlepresten Magnar gav oss ei god orientering om «potetlandet» Toten og presten sitt virke der. Magnar var prest i Balke kyrkje i 21 år, og sonen Eystein er nå sokneprest i nabosoknet Hoff. Vi var så heldige å få vandre gjennom den fine prestegardshagen der på veg til høgstdagsbøn i Hoff kyrkje, ei langkyrkje bygd av tilhagd kalkstein. Vi fekk og med oss ei historisk og grundig orientering om mange av prestane som hadde gjort teneste der. Med middag på «bygdestova» etterpå gav denne dagen oss påfyll for både kropp og sjel.

MUSIKK I SØR-FRON KYRKJE 2014

5. januar: Nyttårskonsert arrangert av Hundorp Musikklag med Sør-Fron spellemannslag og sanggruppa Harmoni som gjester.

8. januar: Den Kulturelle Skolesekken hadde konsert med Iver Kleive og Knut Reiersrud

15 mars, 10 april og 29 april hadde vi «Primo vere» korkonsertserie med Vox Vaala, Ad Cantus, Schola Gregoriana, Sel Sangkor, Lesja og Lesjaskog sangkor, Ringebu Sangkor og Norsk et Lite Kor som deltakere. Det var satt opp to kor på hver konsert. Vi serverte kaffe med kringler i kapellet til utøverne etterpå. Det var tilsammen ca 230 tilhørere og ca 130 korister fra hele Gudbrandsdalen. Alle konsertene var gratis, med en frivillig gave ved utgangen. Det kom inn kr. 7106,- i gaver.

I perioden fra 25.juni til 13.august foregikk det 8 pilgrims-konserter:

Åpningskonsert den 25.juni med James Dickenson (det har blitt en god tradisjon at James åpner sommerkonsertene)

02. juli Lars Mensonides fra Vinstra med orgelmusikk

10. juli Filip og Gia Gade fra Gausdal med orgel og fiolinmusikk og sang

16. juli Øyvind Sund med visekonsert

23. juli Robert Brodacki fra Toten med orgelkonsert

30. juli Ida Rønshaugen med saxofon solo konsert

6. august Andrey Mirgorodskiy ansatt organist i Ellingsrud menighet Oslo

13. august avslutningskonsert med menighetens kantor Sergey Shulga

Det var til sammen 337 tilhørere, det blir i gjennomsnitt 42 pr. konsert.

I gaver kom det inn kr. 3755,-

05.august: Per Gynt stemnet hadde en kirkekonsert sammen med Arve Tellefsen, Knut Buen og Håvard Gimse.

10. oktober arrangerte Lions Sør-Fron støttekonsert til Røde Fjær aksjonen 2015 i Sør-Fron kyrkje. Utøvere var: Sanggruppa Okei m. dirigent Marita Aaneke, Harpefoss skulemusikk m. dirigent Emil Rolstad, Storbandet Fossajazz m. dirigent Erik Wang, Sangkoret Ad Cantus m. dirigent Åshild Alette Haugstad

12.oktober: salmekveld i Sør-Fron kapell

9.november: markering av Grunnlovsjubileum med Det Vaagske kompani, Øystein Rudi, Arild Teigen, Sergey Shulga, Camilla Granlien, Sevat Lappegard, Olemic Thammesen, Sør-Fron Sangkor, Tom Willy Rustad og elever fra Sør-Fron ungdomsskule. Karl Olsen, Rasmus Stauri, Kristinn Olason og Sergey Shulga stod for planlegginga.

16.november: førjulskonsert Ida Rønshaugen.

28.november – VVS sin årlige konsert. Det er alltid en stor opplevelse å se og høre disse unge gode utøvere.

05. desember førjulskonsert med Thor og Carol Kvande fra Lillehammer.

11.desember stemningsfull førjulskonsert arrangert av Andreas Vangen Andersen med flere.

21. desember var det duket for Bygdas egen julekonsert med mange lokale deltagere: elever ved Fron kulturskole: Emma Wassrud, William Rustad, Nikita Baschong og Ragnhild Bjerke; solo artister: Andreas Vangen Andersen, Eline Holsbrekken Skar, Hans Kjørstad, Harpefoss skulemusikk med dirigent Emil Rolstad og Sør-Fron sangkor med dirigent Sergey Shulga.

Menighetens kontor stod for planlegginga av konserten.

Tur til Snorres heimland 2.-6. oktober 2014

Soknerådet og den faste staben i Sør-Fron kyrkje var på Island i dagane 2.-6.oktober. Harpa Hallgrímsdóttir, som er reiselivsutdanna, og sokneprest Kristinn Olason hadde planlagt ein fagleg og kulturell tur for oss 17 som var med. Soknerådsleiar Kristian Haave fortener også stor takk. Turar samlar folk og gir godt fellesskap. Sagaøya gav oss rike opplevingar og vi fekk grunnleggjande kunnskap om vår felles historie.

Det vart ein vellykka tur. Vi såg dei historiske stadene på Island og møtte vennlege og gjestfrie islendingar som talte dansk/norsk. Banda mellom Norge og Island er mange, historisk, kulturelt og språkleg. Fleire unge på Island vil gjerne heller bruke engelsk, fordi danskundervisninga først kjem i femte klasse, tidlegare frå tredje klasse.

Fyrste kvelden såg vi Hallgrímskirkja i Reykjavík.

Fredag morgon, 3. oktober, tok vi buss til dei kjente stadene Thingvellir, Geysir, Gullfoss og Skálholt. Vi hadde ein god guide i Hermann Bjarnason. Han var svært kunnskapsrik og engasjerte oss. Bjarnason har budd i Norge i mange år og snakka norsk.

Skálholt er setet for eitt av bispedømmma og Islands mest heilage stad der det til alle tider har vore ei kyrkje. Vi såg kyrkja og kantor SHERGEY spelte i Skálholt der også Harpa song. Det er også ei kyrkje på Thingvellir, samlingsstaden for å seie fram lovene og avgjere tvistemål.

Vi såg også det islandske parlamentet i vår tid, Alltinget. Direktøren for parlamentet, Helgi Bernodsson synte oss representasjonsromma og ikkje minst den store kunstsamlinga i Alltinget. Kvart bilde og skulptur hadde naturlegvis si historie.

Vel ute at i blåsten – på Island (det er alt slags vêr kvar dag) åt vi alle „pysje med alt“ (med lam i pølsa) frå Reykjavíks mest kjente pølsebod, og gjekk deretter på eit stort loppemarked som låg rett ved pølseboden nede ved havna.

Laurdag ettermiddag gjekk turen til ein privat heim i Reykjavík. Vi kjørte buss eit stykke nord-vestover ut frå byen, og kva ser vi når vi kjem fram? Ei flaggstong med det norske flagget! Harpas familie venta på oss. Vi fekk servert islandsk tradisjonskost: lam i lefse, hai, laks, kaker. Så syng heile familien med gitarspel fine fleirstemte songar. Og vi blir der lenge!

Søndag gjekk vil til messe i Hallgrímskyrkja. Kyrkja er eit landemerke i byen og denne uvanleg vakre yrkja blir besøkt av fleire tusen kvar dag.

Neste dag 6. oktober drog vi frå Hotell Baron kl. 09.30 og dette er dagen for heimreise. Men fyrst Den blå Lagune! Dei varme kjeldene er eit gedigent badeland ute i det fri. Vi koste oss i det varme vatnet. Deretter heim til Sør-Fron med Iceland Air – trygt og sikkert!

ESPEDALEN FJELLKIRKE (Egen rapport)

LITT FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN 2014

	2013	2014	Merknad
Innmeldinger	3	0	
Utmeldinger	2	5	
Dåpshandlinger	41	41	23 busett i soknet
Konfirmasjon	40	32	
Vigslar	15	12	
Gravferd	45	33	
Antal gudstenester	60	62	
Høgstdagsbøn	8	9	
Andakter	10	10	
Deltakere på gudstenester	4965	4956	Gj.snitt 80
Deltakere til nattverd	587	642	Gj.snitt 25
Offer til egen virksomhet	43.393	43.232	
Offer til andre	23.726	28.680	
Fasteaksjon	27.303	25.673	
Offer/ innsamling totalt	94.422	97.585	

Takk til alle frivillige medhjelpere i 2014.

Soknerådet.